
Fra: Eilin Houlison Molvik
Sendt: tirsdag 17. mars 2020 08:25
Til: 'Mette Kyed Thorson'
Kopi: 'oivind@geolog.as'; Marianne Aadland Sandvik
Emne: Utsett gjennomføring av førehandskonferanse gbnr 433/14
Hella indre

Til Mette Kyed Thorson

Vi viser til dykkar førespurnad om møte og avtalt møtetid fredag 27.03.2020 kl. 09.30.

I samband med tiltak knytt til å hindre spreiding av Covid-19 er det bestemt at det ikkje skal gjennomførast møter i Alver kommune som inneber personleg oppmøte (kundekontakt).

Vi må difor utsette møtet på ubestemt tid.

Vi har forståing for at heimelshavar har behov for å legge fram si sak, og at situasjonen for dei er vanskeleg med tanke på at ein har eit ny oppført bustadhus som ein ikkje lovleg kan ta i bruk.

I høve til kva ein kan få ut av eit eventuelt møte, så vil administrasjonen si tilråding vere slik den var i vårt skriv datert 21.02.2020.

For heimelshavar sin del og den situasjon dei er i, vil vi tilrå at ein startar søknadsprosessen med å få endra tidspunkt for å ta i bruk det nye bustadhuset i det opphavlege løyvet (slik at ein evt. kan søkje om mellombels bruksløyve). Slik søknad vil innebere søknad om dispensasjon frå arealføremålet og også ein avklaring/søknad om kva ein ønskjer å gjere med det gamle våningshuset som er vedteke riven, jf. vårt skriv 21.02.2020.

Det opphavlege vedtaket er juridisk forpliktande og vilkåra der må vere oppfylt før ein kan få vedtak om mellombelsbruksløyve/ferdigattest.

Ein vil måtte pårekne politisk handsaming av søknad om dispensasjon, søknad om endring av løyve og også av bruksendring av det gamle våningshuset. Politisk handsaming vil skje enten ved at vedtak vert skriven direkte opp til politisk handsaming eller som klage på administrativt vedtak.

Eg vil vere tilgjengeleg på min kontortelefon torsdag 19.03.2020, vi kan eventuelt ta eit telefonmøte då.

Med helsing

Eilin H. Molvik | Rådgjevar byggesak

Telefon: +47 56 37 54 78

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

www.alver.kommune.no/ epost: post@alver.kommune.no



Tenk miljø før du skriv ut denne e-posten.

Er meldinga motteke hjå feil adressat, ver venleg å slette den frå postsystemet.